
Fra: Kjellrun Tveisme [mailto:Kjellrun.Tveisme@ullensvang.herad.no]
Sendt: 29. august 2013 14:24
Til: Postmottak KRD
Emne: Høyring - forslag til endring av Husbankens startlånsordning

Signert brev er sendt pr post i dag

**DKG. Kommunal- og regional
departementet**

Postboks 8129 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	13/825-2	13/8331	N-000/	22.08.2013

Sak 13/1751 Uttale frå Ullensvang herad - Høyring - forslag til endring av Husbankens startlånsordning

Me ser at dei nye retningslinene er spissa meir mot dei aller mest vanskelegstilte i bustadmarknaden og me også ser dette som viktig. Me ber likevel om at startlånet også vert sett på i høve dei minste distriktskommunane i Noreg, som har hatt god nytte av startlånet i samband med etablering av f.eks unge i etableringsfasen. I Ullensvang herad har startlånet også vore nytta som eit distriktpolitisk verkemiddel for å hjelpa til å busetja folk i kommunen vår. Tildelinga av startlån har vore i tråd med gjeldande regelverk, og det har vore fokus på økonomi, behovet for bustad og den verdien det er i at folk etablerer seg i kommunen vår.

Manglande eigenkapital:

I §3 "Hvem kan få lån" er fylgjande setning teke inn: "*Manglende evne til å oppfylle krav stilt av offentlig myndighet om egenkapital for å få lån i finansinstitusjon, gir ikkje i seg selv grunnlag for å fravike nevnte vilkår.*"

Manglande eigenkapital – ref §3 skal ikkje lenger vera grunnlag for tildeling av startlån. Startlånet er eit sentralt bustadsosialt verkemiddel, og me har gjennom fleire år hatt eit godt samarbeid med dei lokale bankane der me har fått etablert mange av dei vanskelegstilte og unge i etableringsfasen i eigen bustad. I alle saker er det gjort ei grundig vurdering både av økonomi og sosiale omsyn i samråd med kunderådgevar i den banken som hadde grunnfinansieringa. Me har gjennom samfinansiering funne gode løysingar for vanskelegstilte og unge i etableringsfasen ved å nytta Startlån som "erstatning" for manglande eigenkapital for denne gruppa. Startlån, evt kombinert med bustadtilskot, har også i fleire tilfelle vore nytta ved refinansiering i gjeldssaker.

Den praksis som dei private bankane har innført etter 1. juli fører til at det er mange vanskelegstilte og unge i etableringsfasen som ikkje lenger har mulighet til å etablere seg og verta buande i eigen bustad. I tillegg vil det å ikkje lenger kunna nytta startlån som ”erstatning” for manglande eigenkapital føra til at fleire vil ta opp forbrukslån til svært høg rente for å kjøpa den bustaden som dei ynskjer.

I vår kommune er det til dels få ledige leigebustader og få bustader på sal. Kostnaden med å byggje seg ny bustad er stort sett ikkje noko lågare her enn i meir sentrale strøk, og ein kan ikkje forventa ein auke i marknadsvardi på eit nybygg. Prisen på ein bustad vil såleis ikkje kunna samanliknast med prisar i meir sentrale strøk. Såleis vil tildeling av startlån som ”erstatning” for manglande eigenkapital ikkje vera med på auka gjeldsgraden til låntakaren noko vesentleg.

Flyttemønster og etablering i små kommunar er ulik den på større stader, då det er lite mangfald i tilbodet på bustadmarknaden og det i sjeldan grad er snakk om gjennomgangsbustader ved etablering. Når ein person ynskjer å etablere seg og verta verande i kommunen vår har startlån vore eit godt verkemiddel bl. a som manglande eigenkapital for unge i etableringsfasen. Det er til dels få hus på salg, og tilknyttinga for ungdommen som ynskjer å flytta tilbake til Ullensvang er slik at dei gjerne ynskjer å flytta tilbake til den grenda dei flytta frå. Når det er eit hus i den grenda som er på salg som dei ynskjer å kjøpa, er det kanskje det som fører til at dei flyttar tilbake til heimkommunen.

Det er eit mål at flest mogleg skal ha høve til etablere seg i kommunen vår. Me håpar difor at retningslinene framleis kan opna for at distriktskommunane, som ikkje har det mangfald av tilbod på bustadmarknaden som dei større stadane har, kan nytta startlån fleksibelt i høve manglande eigenkapital.

Med helsing
Ullensvang herad

Hedvig Moe Øren
Rådmann

Kjellrun Tveisme
konsulent

Sakshandsamar sin tlf: 55553333
Sakshandsamar si e-postadr.: kjellrun.tveisme@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok

Denne E-posten er filtrert av MessageLabs Email Security System.
For meir informasjon, besøk <http://www.messagelabs.com/email>
